

Til

Kommunal og moderniseringsdepartementet

Kommunal og forvaltningskomiteen, Stortinget

Uttale vedkomande plassering av fylkesmannsembetet i ny vestlandsregion.

Fylkesutvalet viser til stortingsproposisjon 84 S Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå.

I vedtaket til fylkestinget i Sogn og Fjordane av 3. februar 2017 vert det lagt til grunn at fylkesmannsembetet for den nye regionen skal leiaast frå Sogn og Fjordane: « Det nye fylkesmannsembetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vårt tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.» Fylkesutvalet viser til intensjonsplanane både for samanslåing av dei tre vestlandsfylka og no mellom Sogn og Fjordane og Hordaland der dette endeleg vert stadfesta i punkt 10 som ein klar føresetnad for den nye regionen.

Fylkesutvalet registrerer at regjeringa til no ikkje har slått fast at Fylkesmannen skal vere lokalisert og leia frå Sogn og Fjordane.

Fylkesutvalet merkar seg og at i dei andre regionane som har laga intensjonsavtale så vil regjeringa lytte til det som er forhandla fram når det gjeld plassering av fylkesmann , noko som statsråden sjølv har stadfesta. Fylka våre har undervegs i forhandlingane avklara med statsråden at fylkesmannsembetet kunne inngå som del av ein ferdig intensjonsplan.

Fylkesutvalet vil presisere at det er som ein del av den totale kabalen i oppgåvedelinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland at leiinga for fylkesmannsembetet skal leggast til Sogn og Fjordane. Fylkesutvalet har tillit til at leiinga av fylkesmannsembetet vert landa i tråd med den vedtekne intensjonsplanen, og vi presiserer at dette er ein viktig føresetnad i intensjonsplanen og vedtaket til fylkestinget

.